




Uskedelingen Per Myklebust stilte med ein delegasjon på sju i formannskapet. Han sit som nummer tre frå venstre. Gaute Lund står på talarstolen og presenterar prosjektet. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Det har vore relativt stille rundt Folgefonnbanen ei stund, men det betyr slett ikkje at motorsportprosjektet mellom Omvikkdalen og Matre er lagt på is. Eldsjelane med uskedelingen Per Myklebust i spissen, som no har arbeidd med det i ti år, presenterte torsdag eit forprosjekt for politikarar og media. Det er utarbeidd av Plan Vest på Stord.**



[Slik vart prosjektet presentert for politikarar og media torsdag.](#)

Formannskapet fekk ei orientering ved Gaute Lund, som konkluderte med å visa eit reknestykke med samla investeringar på 76,5 millionar og ein føresetnad om at ein tredjedel skal dekkjast av spelemidlar, ein tredjedel av

kommunen og ein tredjedel av eigenkapital. Kommunen skal etter dette bidra med 27,5 millionar.



Mats Andersen har laga illustrasjonane av Folgefonnbanen og her er ho sett frå sør.

Politikarane stilte nokre spørsmål utan at dei gav uttrykk for korkje ein negativ eller ein positiv haldning, Ordførar Synnøve Solbakken uttala at også andre kommunar i området også burde vera interesserte i prosjektet, men Lund streka under at komiteen ville ha repons frå eigen kommune før den gjekk til andre.

Driftsbudsjettet synte eit årsresultat på 800.000 kroner etter frådrag av halvannen million i renter. Her har dei teke utgangspunkt i resultatet frå banapå Rudskogen i Østfold og lagt seg 30 prosent lågare. Dei meiner det er realistisk å få inn eit publikum på 10.000-15.000 på ei helg, omtrent det same talet som bluesfestivalen i Skånevik kan skilta med. På Rudskogen er dei oppe i 40.000-50.000.

Hvis finansieringa går i orden, har komiteen som mål å få til byggjeart hausten 2009 og fullføring året etter.

- Heile landet misunnar oss at vi har eit areal som er regulert og klart for utbyggjing, sa Lund og streka under at bana vil fungera saman med skytebana og tildels også skisenteret. Han minna om at nesten alle tilsvarande prosjekt land og strand rundt har stranda på arealspørsmål og protestar på ymse grunnlag.

- Det var ikkje minst dei mange tragiske trafikkulukke i distriktet på slutten av 1990-talet som ga støtet til dette prosjektet, seier Per Myklebust til uskedalen.no.

Å fremja trafikktryggleik hos den yngre generasjon er eitt av de sterkaste argumenta til komiteen.

Det skal ikkje berre byggjast asfaltbane i Matrefjella, det blir eit fleirbruksanlegg som også får gocartbane, bane for firehjulingar og glattkøyringsbane. Og det blir ingen restriksjonar på bruken, i motsetnad til kva som er tilfelle ved dei tre andre asfaltbanane i landet.

Av Ola Matti Mathisen